

Reglar og kontrakt for lån og bruk av læringsbrett (iPad)

Kontrakt mellom Sauda kommune - føresette og elev

1. Læringsbrett og innhald

- Ved utlevering av læringsbrettet følgjer det med beskyttelsesdeksel og ladar.
- Kommunen sørgjer for at elevane får tilgang til dei appane (program) som skal brukast på læringsbrettet i undervisninga. Dette distribuerast nettbasert til læringsbrettet.
- Læringsbrettet må bli levert inn opplada og avslått ved slutten av skuleåret. Ladar skal følgja med.

2. Elev og føresette sitt ansvar

- Føresette har ansvar for bruk av læringsbrettet utanom skuletida.
- Dekselet skal alltid vera på.
- Læringsbrettet skal vera med på skulen kvar dag, dersom ikkje anna beskjed er gitt.
- Bruk og frakt av læringsbrettet må bli gjort slik at ein unngår skader på dette.
- Så langt det er mogleg, skal læringsbrettet bli oppdatert heime.
- Brettet skal ha minimum 1GB ledig kapasitet.
- Læringsbrettet skal vera minimum 70 % opplada når skuledagen startar.
- Brettet blir lada heime.
- Ladar blir oppbevart heime.
- Læringsbrettet kan bli brukt til deling av felles innhald. Unngå å leggja til privat innhald som de ikkje vil andre skal sjå. (Til dømes bilete og videoar.)
- Føresette har saman med skulen, eit ansvar for å rettleia og følgja opp eleven sin bruk av læringsbrettet. Særskilt å hindra ulovleg nettbruk og uønska bruk av sosiale medie.
- Me oppmodar føresette om å følgja gjeldande aldersgrenser for barn og ungdom sitt bruk av ulike sosiale medie, dataspel m.m.

3. Bruk av læringsbrettet.

- Dei tilsette har til ei kvar tid rett til å sjå eleven sitt innhald på læringsbrettet.

4. Kva skjer ved brot på reglar og kontrakt?

- Om retningslinjene blir brote, vil det bli gjort ei individuell vurdering av kvart tilfelle. Moglege konsekvensar kjem fram av skulen sitt ordensreglement.
- Ved misbruk har skulen rett til å inndra læringsbrettet for ein kortare eller lengre periode. Eleven vil då få høve til å bruka andre læremiddel.

5. Reglar i skuletida

- Skulen sitt ordensreglement og klassereglar gjeld for bruk av læringsbrettet i skuletida. Elevane blir ved oppstart av skuleåret gjort kjende med desse av kontaktlærar, og dei er synlege i alle klasserom.

6. Skader og tap

- Ved skader på læringsbrettet utanfor skuletida, skal føresette snarast melda frå til kontaktlærar. Me ber om at det blir gjort skriftleg.
- Skulen kan krevja erstatning for skade på læringsbrettet eller ekstrautstyr, om dette er gjort med vilje eller ved uforsiktig bruk.
- Det blir gjort ei individuell vurdering av om det er grunnlag for krav om skadeerstatning. Føresette kan bli kravd for inntil eit tusen – 1000 – kroner for kvar hending.

7. Kontrakten

- Kontrakten gjeld for den perioden eleven er elev i grunnskulen i Sauda kommune.
- Sauda kommune kan endra kontrakten sitt innhald. Føresette vil i slike tilfelle få tilsendt ny kontrakt for vurdering og epost for signering.

De vil motta ein egen epost med eit digitalt svarskjema som viser til denne avtalen.

Ved å svara JA på svarskjema bekreftar de:

- ***Innhaldet er lese og forstått saman med barnet/ungdommen (eleven)***
- ***De godkjenner avtalens innhald.***

Me ber om at alle svarar på digitalt svarskjema innan